



Sjå adresseliste

|              |                                                                  |            |
|--------------|------------------------------------------------------------------|------------|
| Vår ref.:    | Sakshandsamar:                                                   | Dato       |
| 2017/1147-57 | Anne Sæther Lislevand<br>anne.saether.lislevand@bykle.kommune.no | 12.07.2019 |

## DETALJREGULERING FOR RUNDKØYRING OG FJELLREDNINGSSENTER. MELDING OM VEDTAK.

Kommunestyret vedtok i møte 27.06.2019 sak 77/19.

### Vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-14 vert detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, planid 201707, vedtatt.
2. Planen erstattar deler av følgande reguleringsplanar:
  - Reguleringsplan for del av Hovden (199701), vedteke 10.09.1997
  - Reguleringsplan for Hovden høvfjellshotell (200606, vedteke 29.03.2007
  - Reguleringsplan for Hovden Aust (200509), vedteke 27.05.2010.
  - Reguleringsplan for Hovden Blå 1-6 (200916), vedteke 21.03.2011

De blir med dette varsla om planvedtaket i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 12-12. Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området.

Les meir om endringar av plankart, føresegnar og planbeskriving etter høyring og offentleg ettersyn i saksframlegga og saksprotokollen.

### Saksdokument

Plankart, reguleringsføresegner og planomtale slik dei blei vedtekne, kopi av saksframlegg og saksprotokoll og andre sentrale saksdokument ligg ved dette brevet og er tilgjengelege på Internett-sida vår: [bykle.kommune.no](http://bykle.kommune.no).

Dokumenta vil òg vere tilgjengelege på servicetorget til kommunen i perioden fram til klagefristen går ut.

### Eventuelle klagar

I samsvar med pbl. § 12-12 er grunneigarar og andre varsla ved dette brevet, og planvedtaket blir kunngjort i Setesdølen i uke 29. Fristen for å klage på vedtaket er etter forvaltingslova § 29 sett til 19. august.

Vi opplyser om tilgangen til å be om utsett iverksetjing av vedtak inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltingslova § 42.

Etter at klagefristen er ute, vil vi orientere forslagsstillaren, partar som saka får direkte konsekvensar for, og regionale myndigheiter om eventuelle innkomne klagar på vedtaket.

#### *Erstatning/innløsning*

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-2 og krav om innløsning etter den same lova § 15-3 må setjast fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Saksbehandlar: Anne Sæther Lislevand

Tlf.: 92268146

E-post: [anneh.saether.lislevand@bykle.kommune.no](mailto:anneh.saether.lislevand@bykle.kommune.no)

Med helsing  
Bykle kommune

Anne Sæther Lislevand  
Planrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.*

#### **Vedlegg:**

1. Saksprotokoll og saksframlegg
2. Plankart
3. Planføresegner
4. Planomtale
5. Notat om flaumfare
6. ROS-analyse

## **Adresseliste:**

---

Jan Aarrestad  
Jorunn Terjesen Aarrestad  
Anne Berit Ingvaldstad Amdal  
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE  
Jan Axelsen  
Eivind Bjorå  
Erik Ragnar Borning  
Irene Elisabeth Borning  
Ole Prytz Bruun  
BYKLE KOMMUNE  
Bodil Dale  
Tore Gustav Drivenes  
Anne Lisbet Drivenes  
Katrine Engervik  
Morten Engervik  
Thomas Engervik  
Birgit Fidje  
Eirin V Fredriksen  
Olav Sigvart Galteland  
Bernt Haugen  
Kristine Heggland  
AS Hovden  
HOVDEN EIENDOM AS v/Ole P Bruun  
HOVDEN GARASJER AS  
Ane Gro Iveland  
Knut Ove Kristiansen  
Elsa Marie Birkeland Lie  
Olav Egil Lie  
Per Geir Løvstad  
Ståle Myhre  
NORDEA BANK AB (PUBL), FILIAL I NORGE  
Harald Nylund  
Ingjerd Thorbjørnsen Nylund  
Martin August Olsen  
Jan Georg Ribe  
Oddvar Røinås  
Grethe Langeland Sand  
Sven Solberg  
Espen Solheim  
STATENS VEGVESEN  
STATENS VEGVESEN  
Jan Wiktor Sællmann

Kjell Erling Torjesen  
Tove Mygland Torjesen  
Bjørn Dag Truchs  
Jon Uleberg  
Kjetil Uleberg  
SAMEIET HOVDEN BLÅ - I  
SAMEIET HOVDEN BLÅ - II  
HOVDEKLEIVI HYTTEVEL  
HARTEVASSNUTEN VELFORENING  
Plassestøylen hyttegrend velforening v/Roald Einstabland  
Anne Margrethe Falk  
Heikki Erling Systad  
FYLKESMANNEN I AUST- OG VEST-AGDER  
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED  
BERGMESTEREN FOR SVALBARD  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
AGDER ENERGI NETT AS  
SETESDAL BRANNVESEN IKS  
SETESDAL MILJØ & GJENVINNING IKS  
Camilla Nygård



Saksmappe: 2017/1147  
Sakshandsamar: ALI  
Dato: 02.05.2019

## SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utvalg       | Møtedato   |
|------------|--------------|------------|
| 75/19      | Planutval    | 03.06.2019 |
| 77/19      | Kommunestyre | 27.06.2019 |

### Detaljregulering for rundkøyring og fjellredningssenter. Sluttbehandling.

#### Saksprotokoll i Kommunestyre - 27.06.2019

##### Handsaming:

Saka vart drøfta

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

##### Vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-14 vert detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, planid 201707, vedtatt.
2. Planen erstattar deler av følgande reguleringsplanar:
  - Reguleringsplan for del av Hovden (199701), vedteke 10.09.1997
  - Reguleringsplan for Hovden høvfjellshotell (200606, vedteke 29.03.2007
  - Reguleringsplan for Hovden Aust (200509), vedteke 27.05.2010.
  - Reguleringsplan for Hovden Blå 1-6 (200916), vedteke 21.03.2011

#### Saksprotokoll i Planutval - 03.06.2019

##### Handsaming:

Saka vart drøfta og rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

##### Vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-14 vert detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, planid 201707, vedtatt.
2. Planen erstattar deler av følgande reguleringsplanar:
  - Reguleringsplan for del av Hovden (199701), vedteke 10.09.1997
  - Reguleringsplan for Hovden høvfjellshotell (200606, vedteke 29.03.2007
  - Reguleringsplan for Hovden Aust (200509), vedteke 27.05.2010.

- Reguleringsplan for Hovden Blå 1-6 (200916), vedteke 21.03.2011

#### **Rådmannen si tilråding:**

1. I medhald av PBL § 12-14 vert detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, planid 201707, vedtatt.
2. Planen erstattar deler av følgande reguleringsplanar:
  - Reguleringsplan for del av Hovden (199701), vedteke 10.09.1997
  - Reguleringsplan for Hovden høvfjellshotell (200606, vedteke 29.03.2007
  - Reguleringsplan for Hovden Aust (200509), vedteke 27.05.2010.
  - Reguleringsplan for Hovden Blå 1-6 (200916), vedteke 21.03.2011

#### **SAKSUTGREIING**

##### **Samandrag/ konklusjon**

Kommunen har fått utarbeidd forslag til detaljregulering for rundkøyring og fjellredningssenter. Planen legg til rette for etablering av fjellredningssenter nord for Hovden sentrum samt rundkøyring i vegkrysset mellom riksveg 9 og Skisentervegen.

Planforslaget legg til rette for etablering av eit nytt fjellredningssenter som bl.a. kan innehalde beredskapsbase for Røde Kors, ny brannstasjon og garasjeanlegg for løypemaskinar. Planen visar og ein ombygging av vegkrysset til rundkøyring og planfri løypekryssing av riksvegen og Skisentervegen for gåande og skiløparar. Det planleggjast og offentlege parkeringsplassar.

To fritidsbustader sanerast og får tilbod om erstatningstomter. Planen sikrar og omsyn til teknisk infrastruktur og VA-anlegg.

Saksframlegget med vedlegg syner kva tema som er drøfta og omsyn og arealdisponeringar som er føreslege i planforslaget. Reguleringsplan blir føreslege vedteke i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-12.

##### **Bakgrunn for saka**


Cowi har på vegne av Bykle kommune utarbeidd detaljregulering for rundkøyring og fjellredningssenter på Hovden. Kommunen ynskjer å legge til rette for etablering av eit nytt fjellredningssenter som bl.a. kan innehalde beredskapsbase for Røde Kors, ny brannstasjon og garasjeanlegg for løypemaskinar. Det skal og vere trafikksikre løysingar med planfri løypekryssing av riksvegen og Skisentervegen. Føremål med planen er:

- Etablering av rundkøyring og planfri kryssing for skiløyper under Rv 9 og Skisentervegen
- Ny og trafikksikker tilkomst til sørleg del av Hovden Aust

- Tilkomst og areal til etablering av fjellredningssenter; med ny brannstasjon og bygg for løypemaskiner, ny base for Røde Kors og dagparkeringsplassar.


### Formelt grunnlag

Planarbeidet vart varsla med oppstart 8.april 2017 og med frist til å kome med merknader 10.mai 2017. Innkomne merknader er referert og kommentert i planskildringa, og søkt teke omsyn til i planforslaget.. Handsaminga følgjer PBL, jf. § 12-10. Krav til konsekvensutgreiing (KU), jf. PBL§ 4-2 er vurdert og planen løyser ikkje ut krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta. Føreslegne føremål og konsekvensane av desse er beskrive og vurdert i planskildringa. Omriset av planområdet er vist på kartet nedanfor:





Kommuneplanens arealdel for 2018-2030 blei vedteken 28.02.2019. Planforslaget er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Utsnitt frå kommuneplanen med arealet som omfattast av planområdet er vist på kartet nedanfor:



Det nye planforslaget erstattar delar av fleire vedtekne reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for del av Hovden (199701), vedteke 10.09.1997
- Reguleringsplan for Hovden høvfjellshotell (200606, vedteke 29.03.2007
- Reguleringsplan for Hovden Aust (200509), vedteke 27.05.2010.
- Reguleringsplan for Hovden Blå 1-6 (200916), vedteke 21.03.2011

### Offentleg ettersyn - merknadar

Planutvalet vedtok 03.12.2018 å leggje planen ut på offentlig ettersyn. Frist for å kome med fråsegn blei satt til 25. januar 2019. Fylkeskommunen bad om utsett frist. Ved fristen utlaup var det ikkje komen merknad frå Statens vegvesen. Kommunen retta ein førespurnad til dei, og det kom eit fråsegn som langt overskreid fristen. Totalt kom det inn 4 fråsegn ved offentlig ettersyn, alle frå regionale myndigheiter.



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev dagsett 10.01.2019

NVE er opptekne av flaumfaren i området. Dei er negative til at bekkjen gjennom området lukkes. Opne bekker er viktige for biologisk mangfald og landskapet, samt at dei er langt mindre utsette for flaumskadar, både fordi dei normalt har større kapasitet og fordi det er lettare å ha oversikt over avrenningsforholda i ekstreme vørsituasjonar. I denne saka vil det vere naudsynt å lukke ein del av bekken av omsyn til trafikken i området. NVE finn grunn til å peike på at det er sær s viktig at kommunen følgjer opp og stiller krav til dimensjonering av kulverten. NVE kan ikkje sjå at isgang i ein slik liten bekk kan vere farleg og medføre personskade. Vi ser difor heller ikkje at lukking av bekken vil kunne betre dette. Dersom dette blir førande for vidare planarbeid og byggesak ber vi om at kommunen får dette kvalitetssikra av nokon med fagkompetanse på flaum og isgang. NVE er og opptatt av at området er registrert på aktsomhetskartet med flaumfare frå Otra. Dette må vurderast og omtalast i planen.

Kommentar

Cowi har utarbeida eit notat om flaumfaren i området. Dette ligg ved saka. Dei konkluderer med at det ut frå deira vurdering av terrenghøgdar, vatnføring, reguleringa av Otra og stedlig erfaring så er flaumsituasjonen teke i vare for planområdet.

Fylkesmannen i Agder, brev dagsett 25.01.2019

Fylkesmannen er positiv til at planforslaget legg til rette for ein samlokalisering av fleire viktige beredskapsfunksjonar, sentralt i høve skiløyper og konsentrasjon av busetnad på Hovden. Fylkesmannen støttar NVE i deira vurderingar knytt til bekken og fare for flaum og isgang og ber om at kommunen kvalitetssikrar planforslaget i høve flaum og isgang før sluttbehandling av planforslaget.

Kommentar

Det er utarbeidd eit notat vedr. flaumsituasjonen i området som ligg ved saka (dagsett 2.mai 2019).

Aust-Agder fylkeskommune, brev dagsett 11.02.2019

Merknaden gjeld automatisk freda kulturminne. Utover dette har fylkeskommunen ingen merknadar til planen. Planforslaget er i konflikt med deler av sikringssona og ein liten del av lokalitetsavgrensinga til eit jernframstillingsanlegg (id 99383). Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket forutsette at lokaliteten sikrast i føresegnene og plankartet.

Kommentar

Plankart og føresegner er endra og sikrar fornminnet jfr. fylkeskommunens merknad.

Statens vegvesen, brev dagsett 01.04.2019

Ber om orsaking for svært forsinka innspel. SVV har deltatt på fleire møter i prosessen. Statens vegvesen har igjennom heile planprosessen vore tydeleg på at Rv. 9 har låg årstdøgntrafikk, ÅDT under 1500, slik at rundkøyring ikkje er naudsynt av omsyn til trafikktryggleiken. Staten har difor ikkje midlar til å byggje rundkøyringa. Meiner det er satt av nok areal til rundkøyring, men for lite til kulvert. Han nokon tekniske og faglege råd om formål og om det er sett av nok areal. Har forslag til endringar i føresegnene som tek i vare

byggjegrænse mot riksvegen. Det er og noko uklart kven som vil ha driftsansvaret for o\_SGS, staten eller kommunen?

#### Kommentar

Plankart og føresegner er revidert for å imøtekomme SVV innspel.

## **Om planforslaget**

### Samfunnssikkerheit

Planområdet ligg sentralt og tett ved Rv 9, som knutepunkt i høve til beredskap og utrykking ved evt. hendingar på Hovden. Det er alternative vegar til store bygg og stader for større arrangement /publikumssamlingar, t.d. mot skisenteret. Samlokalisering av beredskapsfunksjonar er å sjå som styrking av lokal beredskap og samfunnstryggleik på Hovden. Samlokaliseringa med garasjar for løypemaskiner i samband med dette er vurdert som hensiktsmessig. Det er lagt opp til at det vil vere offentleg veg fram til desse funksjonane, slik at ein sikrar tilkome og framkome for utrykkingskøyretøy vinterstid. Rådmannen vurderer at det er stor samla samfunnsgevinst å legge til rette for slik samordna utbygging.

### Portal

Det viktigaste trafikale grepet er etablering av rundkøyring med planfri kryssing av skiløyper under Rv 9 og Skisentervegen, og med planfri kryssing for mjuke trafikkantar. Reguleringa omfattar både felles parkering og dagparkering. Det er og fastsett kva vegar som skal vere offentleg og kvar dei går over til private vegar. I føresegnene er det innarbeidd krav til at det skal ligge føre godkjente avtalar med private eigarar, der dette gjeld, om å sanere to hytter før ein kan få ferdigstilt ny rundkøyring med tilhøyrande sideareal. Erstatningstomter for fritidsbustader som blir sanerte ved etablering av rundkøyring er teke inn som eige byggeområde. I dette kan det byggast tre doble vertikaldelte hytte.

### Infrastruktur

Planen omfattar eksisterande infrastruktur, lineframføring og VA-leidningar mv, og framtidig omlegging av desse. Byggeområde der det er aktuelt å legge om leidningar har omsynssoner med byggjeforbod fram til omlegginga er gjennomført. Planforslaget har i seg rekkefølgeføresegner som legg opp til at framføring av naudsynt teknisk infrastruktur, og ev endringar av leidningstrasear må vere godkjent før ein kan handsame søknader om tiltak. For byggeområde til fjellredningssenter, Raude Kors og nye fritidsbustader skal det vere opparbeidd tekniske anlegg før kommunen kan gje løyve til bygging. Av rekkefølgekrava følgjer det at det m.a. skal vere etablert flaumsikringstiltak i samband med kulvert til skiløype før fjellredningssenteret blir teke i bruk. Bekk på nordsida er føreslege lagt i røyr med tanke på fare for snøbruer og tryggleik for skigåarar.

## **Vurderingar og konsekvensar**

### Generelt

Kommunen legg gjennom planforslaget til rette for å teke i vare og oppgradere viktige samfunnsfunksjonar for samfunnsberedskap og trafikktryggleik på ei sentral tomt når det gjeld å tene heile Hovden.

### Risiko og sårbarheit

Til planen er det utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse. Planskildringa drøftar flaumfare, isgang i bekk og bortfall av elektrisk straumnett som mest aktuelt. Det er føreslege å legge bekk i røyr for å redusere risiko knytt til fall i bekk på nordsida av fjellredningssenteret/løypetrase. I høve til flaumproblematikk er det viktig at røyr får tilstrekkeleg dimensjonering og at breidda på kulvertar (for skiløyper/turvegar) er tilstrekkeleg breie. Det visast til vedlagde notat frå Cowi om flaumfare i området.

Høgspent-trase med tilhøyrande omsynssone er markert på plankartet. Plassering av ny 22 kV-kabel og framtidig føringsveg for høgspent (under etablering frå Haukeli til Hovden) er angitt på kartet saman med tilkoplingspunkt og plassering av trafo inn til fjellredningssenteret. Det er lagt opp til at nye liner skal leggjast i bakken.

### Byggjetiltak

I planen er det lagt opp til byggjeområde for offentleg/privat tenesteyting og fritidsbustader med garasjar, renovasjon og trafo. I bygg for tenesteyting er det lagt inn høve til overnatting knytt til drifta. I føresegnene er det lagt inn føringar for bruk av naturmateriale og fargebruk som skal harmonere med omgjevnadene. Garasjeanlegg kan byggast inntil grensa på føremålet/byggegrense der det er angitt. Garasjeanlegga har avgrensa storleik tilpassa fritidsbustadene dei skal betene.

På byggeområdet omtalt som fjellredningssenter (BOP1) er det tenkt etablert ny brannstasjon, garasje for trakkemaskiner for løyper, og evt. lokale for private aktørar som driv med aktivitetsturisme og har lagringsbehov for utstyr og som kan ha dette som frammøtestad for gjester. Det er sett maksimal mønehøgde på 9 m og inntil 2000 BRA. Funksjonane og storleiken på fjellredningssenteret samt plasseringa tilseier at ein må legge vekt på arkitektur og estetikk, då dette vil bli eit «signalbygg» ved tilkomst til Hovden frå nord.

Byggeområdet for Raude kors har BYA=45, og reglar om oppdeling i fleire bygningskroppar for å dempe uttrykket av bygningsmassen. Det er og reglar for materialval og fargesetting i desse byggeområda.

Tomtane som er regulert inn som erstatningstomte for dei som blir sanert av etableringa av rundkøyring, er regulert til fritidsbustader og gir rom for 3 doble vertikaldelte hytter. Hyttene skal ha saltak og kan vere i 2 etasjar. Byggeområda ligg lågare enn tilliggjande hytteområde og bakanforliggjande kolle og det er difor opna for mønehøgde på 6,5 m. Løysinga er del av ei løysing det er semje om, med samla utnytting og utvikling av området og infrastrukturen i og gjennom området.

Planen legg og til rette for felles garasjeanlegg for nye og eksisterande hytte og gjer reglar for utforming, plassering mv. Det er og avsett areal til renovasjonsbu (finst i dag), men denne skal og betene nye bygningar i planområdet.

### Trafikk – teknisk infrastruktur

Planen omfattar køyrevegar, gang- og sykkelveg, fortau, haldeplass for kollektivtransport med ventebu, parkeringsplassar med snøopplag og anna vegggrunn. Det er også avsett areal til parkeringsføremål (offentleg). På område avsett til offentleg parkering/dagparkering blir det teke inn punkt om tilrettelegging for el-bil i medhald av «parkeringsføresegna».

### Natur, miljø- og forureining

Skiløype blir regulert inn i medhald av denne planen med planfri kryssing av Rv 9 og Skisentervegen. Området har opne bekkar i dag og noko terreng utan inngrep/opparbeiding. Det blir lagt opp til at open bekk kan leggest i røyr ved løypetraseen. Handtering av overflatevatn er viktig i sær i samband med snøsmelting, og i overgang mellom opne bekkar og snøbruer som kan utsette folk for ei viss fare ved ferdsel i området. Av rekkefølgjeføresegnene går det fram at plan for handtering av vatn og avløp skal vere avklåra før byggjetiltak blir godkjent. Dette vil og bli teke i vare om det skulle vere trong for særskilte tiltak med bruk av kjemikaliar/forureiningsfare for avlaup frå brannstasjon osv.

### Landskap

Det er eit ope landskapsrom som samlar seg inn mot planområdet. Byggjetiltaka vil ikkje bli eksponert særleg i høve til tilliggjande byggeområder, og bygningsmassen vil ikkje dominere opp mot proporsjonane i omgjevnadene. Det er likevel viktig at fjellredningssenteret får ei utforming og eit uttrykk som høver som innfallsport til Hovden, og med funksjonane det skal inneha. Vidare at rundkøyringa, som vil ha ein «portalfunksjon» til tettstaden «Fjellbyen Hovden», får ei utforming som støtter ynskje om profil/preg på staden.

### Naturmangfald

Det er ikkje registrert arter som risikerer å ta skade av tiltak og inngrep. Mindre myrområde som må drenerast/fyllast att på parkeringsareal er avgrensa i storleik og difor ikkje vurdert å vere unike eller av stor tyding utanfor planområdet. Planforslaget vil venteleg ikkje føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er heller ikkje pårekneleg at tiltaka vil ha skadeverknader på andre økosystem.

### Kulturminne

Det er registrert tre kulturminne i området som er fjerna ved tidlegare høve. Det er eit fornminne nord for rundkøyringa som planen kjem i konflikt med. Det er markert i plankartet og lagt på hensynssone jfr. merknad frå fylkeskommunen. Dette er i eit areal som i dag er eksisterande naturområde og skiløype. Det er ikkje planar om å gjere tiltak i dette arealet som vil få konsekvensar for fornminnet.

### Folkehelse og friluftsliv

Regulering til planfri kryssing av skiløype vil fremje friluftslivet. Etablering av rundkøyring vil bl.a. gje redusert hastigheit på køyretøy og venteleg redusere fare for alvorlege ulykker/personskade for mjuke trafikantar.

### Barn og unge

Planen har venteleg ikkje vesentlege verknadar for barn og unge, men sikring av bekk i samband med opparbeiding av løypetrase vil vere positivt særskild for denne gruppa. Tilrettelegginga av planfri kryssing vil vere positivt for barnehage- og skular ved aktivitetar inn mot Hovden Aust. Planen sikrar og etablering av samanhengande struktur for gang-sykkelvegar langs hovudvegane, og til undergangane på RV 9, samt fortau til sidevegar.

### Private partar/ tilhøve

Planen tek omsyn til noverande eigarar av hytter som må sanerast for å realisere utbygginga av rundkøyringa. Avbøtande tiltak av privatrettsleg karakter, m.a. erstatningstomter, er innarbeidd i føresegnene.

### Økonomiske konsekvensar

Planen opnar for tunge investeringar i bygg og anlegg og framføring av teknisk infrastruktur/VA-leidningar m.v. med påreknelege økonomiske konsekvensar etterkvart som tiltaka blir gjennomført. Framdrift vil bli avklåra i samband med budsjettarbeid i kommunen. Det vil og vere kostnader direkte og indirekte med sanering av eksisterande bygningsmasse og tilrettelegging for nye byggeareal. Reguleringa vil venteleg utløyse innløysingsplikt i samsvar med plan- og bygningslova sine regler i delar av planområdet.

### **Oppsummering:**

Planen konkretiserer ynskje om etablering av funksjonar og bygg, og tek ulike omsyn på ein tilfredsstillande måte. Planen har viktige positive effektar i høve til trafikktryggleik og trafikkavvikling på kort og lang sikt. Planfri kryssing av løyper og turveggar er positivt for mjuke trafikantar og turfolk.

Det er ikkje vesentlege innvendingar frå regionale myndigheiter til planen. Påreknelege skadeverknader for natur og miljø er lokale og svært avgrensa. Planen skaper forventning til tunge offentlege investeringar i infrastruktur og byggetiltak i området. Planen er venta å gje stor samfunnsmessig gevinst når tiltaka er etablert. Tilrettelegginga og samlokaliseringa av fleire viktige funksjonar i «Fjellredningssenteret» vil venteleg vere ein styrke for å sikre tidsmessige lokale og gode tenester for fastbuande og gjester framover.

Bykle, 06.05.2019

Rådmann

### **Vedlegg:**

1. Planskildding detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, Hovden Aust, Bykle kommune, datert 05.10.18
2. Reguleringsføresegner til detaljregulering av rundkøyring og fjellredningssenter, sist revidert 30.04.2019
3. Plankart detaljregulering: Rundkøyring og fjellredningssenter, sist revidert 30.04.2019.
4. Bykle kommune – plan for rundkøyring rv 9 og fjellredningssenter – tilbakemelding på merknader fra NVE, datert 02.05.2019.
5. ROS analyse

- 1 1. Planskildding rundkøyring og fjellredningssenter\_051018
- 2 2. Reguleringsføresegn rundkøyring og fjellredningssenter\_ 300419-MSFO
- 3 3. Plankart rundkøyring og fjellredningssenter\_300419
- 4 4. Notat om flaumfare - 02052019
- 5 5. ROS-analyse

**Melding om vedtak blir sendt til:**